

UNIT Direktoratet for IKT og fellestjenester i høyere utdanning
og forskning
Abels gate 5 A
7030 TRONDHEIM

Dykkar ref.:
Vår ref.: 20/29717-4
Sakshandsamar:
Dato: Hege Strøm Haukeland
16.09.2020

Høyringssvar – forslag til endring i forskrift om opptak til høgre utdanning

Helsedirektoratet syner til Kunnskapsdepartementet sitt brev av 30. juni 2020 der det blir bede om høyringsuttale på forslag til endring i forskrift om opptak til høgre utdanning.
Helsedirektoratet har merknader til forslaget sitt punkt 1.1. forslag om unntak frå krav om generell studiekompetanse for opptak til paramedisinutdanninga, og punkt 2.2. endring i spesielle opptakskrav.

Forslag om endring i krav til generell studiekompetanse for opptak til paramedisinutdanninga
Helsedirektoratet reknar bachelorutdanninga i paramedisin som eit viktig verkemiddel for å styrka kompetansenivået innan dei akuttmedisinske tenestene utføre sjukehus generelt, og ambulansetenesta spesielt. Utdanninga tek hand om dette ved både å bidra til å kvalifisera studentane for å arbeide innan ambulansetenesta og dei andre delane av den akuttmedisinske kjeda utanfor sjukehuset, samstundes som utdanninga tilretteleggjar for at studentane vert kvalifisert innan fagutvikling og forsking.

Helsedirektoratet reknar det som viktig at begge omsyna vert teke hand om ved endring i opptakskrav til paramedisinutdanninga.

For å nå målet om kompetanseheving innan akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus generelt og ambulansetenesta spesielt, legg vi til grunn at det er tenleg med etablering av spesielt tilrettelagt utdanningstilbod. Helsedirektoratet påpeikar at det er særleg viktig at utdanningstilboden gir same sluttkompetanse som noverande heiltidsutdanning.

At ein legg til rette for utdanning i paramedisin for ambulansearbeidarar med fagbrev, og relevant arbeidserfaring av ei viss varigheit, vert av Helsedirektoratet sett på som føremålstenleg. Ei slik tilrettelegging vil kunne styrka det generelle kompetansenivået i ambulansetenesta, samt mogeleggjere karriereveg for ambulansearbeidarar.

Ambulansearbeidarar med fagbrev og relevant praksis, vil openbart ha relevant akuttmedisinsk kompetanse. Samstundes er det viktig at også spesielt tilrettelagt utdanning, og/eller studiar med andre opptakskrav, sikrar at studentane har likeverdige forutsetningar for å bidra til fagutvikling og forsking.

Helsedirektoratet

Avdeling autorisasjon

Hege Strøm Haukeland

Postboks 220 Skøyen, 0213 OSLO • Besøksadresse: Vitaminveien 4, Oslo • Tlf.: (+47) 47 47 20 20

Org.nr: 983 544 622 • postmottak@helsedir.no • www.helsedirektoratet.no

For å sikra at heiltidsutdanninger og spesielt tilrettelagte utdanninger ikkje vert "A- og B-utdanninger", rår vi at det vert stilt eksplisitt krav om at utdanninger som ikkje har krav om generell studiekompetanse leggjar studiet til rette og godtgjere for dette. Helsedirektoratet ser det som særleg viktig at likeverdig sluttkompetanse vert sikra. Vi reknar utdanningsinstitusjonane som dei med best kompetanse til å gjere greie for og klarleggja korleis dette kan gjerast.

Spesielt tilrettelagt studium i paramedisin

Syner til ordlyden "Institusjonar kan ta opp søkerar (...) til spesielt tilrettelagd studium i paramedisin". Helsedirektoratet gjer merksam på at det er noko uklart kva det meinast med "spesielt tilrettelagt studium". Dette kan med fordel utdjupast. Utdjupinga kan femna om kandidaten skal ha eit tilpassa studieløp i motsetnad til kandidaten som fylgjer ordinært opptak, og i så fall korleis studieløpet er tilpassa. Vi visar elles til merknadane ovanfor.

Relevant fagbrev

Syner til ordlyden i forslaget der det er søkerar med "relevant fagbrev" som skal omfattast av føresegna. Då det er kandidatar med fagbrev i ambulansefag som har relevant akuttmedisinsk kompetanse, legg Helsedirektoratet til grunn at det er dei kandidatane det blir vist til. Dette kan med fordel presiserast i ordlyden.

Forslag til endring av ordlyd: "Institusjonar kan ta opp søkerar med **fagbrev i ambulansefag** (...)" .

Forslag om endring i spesielle opptakskrav – ikkje føreslått

Departementet foreslår ikkje endring av dei fysiske opptakskrava til paramedisinutdanninga i høyringa, men departementet vil eventuelt vurdera forslag om dette på eit seinare tidspunkt. Sjølv om det ikkje er føreslått på noverande tidspunkt, har Helsedirektoratet nokre merknadar.

Helsedirektoratet understrekar at utdanninga skal sikra at studentane er kvalifisert til å utøva yrket. Vi gjer merksam på at dette er eit vilkår for autorisasjon etter helsepersonellova § 48:¹

Hovedformålet med autorisasjonsordningen er å ivareta pasienters sikkerhet. Ordningen skal sikre at helsepersonellet har nødvendige kvalifikasjoner til å inneha en bestemt yrkesrolle. Det skal også være en sikkerhet for at helsepersonell med en bestemt tittel har en bestemt type kompetanse.

Dei fysiske føresetnadane er grunnleggjande for å forsvarleg kunne utøva yrket som ambulansepersoneell. Dei fysiske opptakskrava på paramedisinutdanninga er meint å ta hand om dette omsynet.

Dersom korona-pandemien, eller andre forhald, gjer det naudsynt å fråvike kravet om fysiske opptaksprøvar til utdanninga, må desse erstattast med konkrete fysiske skikkavurderingar i utdanninga.

¹ [Helsepersonelloven med kommentarer, Helsedirektoratet](#)

Vennleg helsing

Anne Farseth e.f.
avdelingsdirektør

Hege Strøm Haukeland
rådgiver

Dokumentet er godkjent elektronisk